

Møteinkalling

Utval: **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre**

Møtestad: Hotell Alexandra, Loen

Dato: 04.12.2019

Tidspunkt: 16:30

Velkommen til det siste møtet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i 2019!

Møtemat blir sett fram kl. 16:00 på hotell Alexandra, og møtet begynner kl. 16:30.

Vi får festmiddag kl. 20.00 i restaurant Andrine, og håpar å få tid til å avslutte styremøtet ein halv times tid før middag. Alle i styret overnattar på hotellet.

Dagen etter, den 5. desember, er det dialogmøte med rådgjevande utval og administrative kontaktpersonar. Møtet startar kl. 10:00 på hotellet, med lunsj på Hoven kl. 14:00. Vi reknar med å være nede på parkeringsplassen att i god tid før kl. 16:00.

Frå Sogn og Fjordane fylkeskommune møter vara Odd Atle Stegegjerdet for styremedlem Karen Marie Hjelmeseter.

Eventuelt forfall må meldast snarast til Maria Knagenhjelm på mobil 93 66 42 56. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Velkommen!

Vennleg helsing

Tor Arne Hauge og Maria Knagenhjelm

Sekretariatet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Saksliste

Utvalse-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 26/19	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 27/19	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 28/19	Orienterings- drøftings- og referatsaker 1. Orientering frå SNO v/ Anne Rudsgen 2. Oppsummering av årets tiltak og bestillingar 3. Status på kommunane sine oppnemningar til nytt nasjonalparkstyre 4. Mediesaker sidan sist 5. Skålastien - avslag som kandidat til Nasjonal turiststi		

6. Kompetanseprogram i Balestrand
7. NiN-kartlegging Bødalen
8. Reiserekninger og møtegodtgjersle
9. Anna

RS 32/19	Orientering - brevatnet mellom Kattanakken og Melkevollsbreene - NVE	2019/20724
RS 33/19	Møte om klimatilpasning i nasjonalparkkommunene-Turtagrø 11. september	2019/22420
RS 34/19	Invitasjon til deltaking i ressursgruppe for prosjektstilling v/Breheimsenteret	2019/22393
RS 35/19	Informasjon om Kattanakkstien	2019/20221
RS 36/19	Mast over Sandnesfonna -helikopterflyging til Ramnefjellbreen - Jostedalsbeennasjonalpark	2019/18203
RS 37/19	Søknad - Jostedalsbreen nasjonalpark - Breheimen nasjonalpark - scooter i forbindelse med snømåling og vedlikehold av bruer	2019/22076
RS 38/19	Vedtak i klagesak - Jostedalsbreen nasjonalpark - storselet på Sunndalssetra - Andersbruket 17/3 ref. sak 2017/2023	2019/4933
RS 39/19	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - presisering - Utforming av dispensasjoner i verneområder - Miljødirektoratet	2019/20470
RS 40/19	Jostedalsbreen nasjonalpark - rapport og bilder av selet på Erdalssetra - Harald Berge	2019/21350
RS 41/19	Referat fra informasjonsmøte i Loen bygdehus den 23.oktober 2019	2019/3131
RS 42/19	Referat fra møte om innfallsporten Fjærland og Bøyabreen, 13. nov. 2019	2019/6338
RS 43/19	Jostedalsbreen nasjonalpark - dispensasjonskontroll - oversikt fra SNO	2019/22249
DS 4/19	Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - Erdalen - motorferdsel - Erdal beitelig	2019/20094
ST 29/19	Jostedalsbreen nasjonalpark - framlegg til endring i samansetninga til rådgjevande utval	2019/5041
ST 30/19	Jostedalsbreen nasjonalpark - ulovlege tiltak og aktivitet i Fåbergstølsbreeelva - Statkraft Energi AS	2019/10928
ST 31/19	Jostedalsbreen nasjonalpark - elveførebygging og deponering av masse - Fåbergstølsbreeelvane - Statkraft Energi AS	2019/13791
ST 32/19	Jostedalsbreen nasjonalpark - drift av styre og årsplan for 2010	2019/22069
ST 33/19	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - bestillingsdialog	2019/21874

og tiltaksplan - 2020

ST 34/19 Status besøksstrategi Jostedalsbreen NP - drøfting
av mål, strategiske grep og prioritering av tiltak

2019/3131

ST 35/19 Eventuelt

ST 26/19 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 27/19 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar

ST 28/19 Orienterings- drøftings- og referatsaker

RS 32/19 Orientering - brevatnet mellom Kattanakken og Melkevollsbrean - NVE

RS 33/19 Møte om klimatilpasning i nasjonalparkkommunene-Turtagrø 11. september

RS 34/19 Invitasjon til deltaking i ressursgruppe for prosjektstilling v/Breheimssenteret

RS 35/19 Informasjon om Kattanakkstien

RS 36/19 Mast over Sandnesfonna -helikopterflyging til Ramnefjellbreen - Jostedalsbeen nasjonalpark

RS 37/19 Søknad - Jostedalsbreen nasjonalpark - Breheimen nasjonalpark - scooter i forbindelse med snømåling og vedlikehold av bruer

RS 38/19 Vedtak i klagesak - Jostedalsbreen nasjonalpark - storselet på Sunndalssetra - Andersbruket 17/3 ref. sak 2017/2023

RS 39/19 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - presisering - Utforming av dispensasjoner i verneområder - Miljødirektoratet

RS 40/19 Jostedalsbreen nasjonalpark - rapport og bilder av selet på Erdalssetra - Harald Berge

RS 41/19 Referat fra informasjonsmøte i Loen bygdehus den 23.oktober 2019

RS 42/19 Referat fra møte om innfallsporten Fjærland og Bøyabreen, 13. nov. 2019

RS 43/19 Jostedalsbreen nasjonalpark - dispensasjonskontroll - oversikt fra SNO

DS 4/19 Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - Erdalen - motorferdsel - Erdal beitlag

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	29/19	04.12.2019

Jostedalsbreen nasjonalpark - framlegg til endring i samansetninga til rådgjevande utval

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre endrar sitt rådgjevande utval på følgjande måte:

- invitere ein representant frå reiselivet i Sunnfjord gjennom destinasjonsselskapet Sunnfjord Utvikling
- invitere ein representant frå reiselivet i Nordfjord gjennom Visit Nordfjord
- invitere ein representant frå Forum for Natur og Friluftsliv (FNF)

Den enkelte aktør må sjølv nemne opp ein person.

Sekretariatet skal greie ut aktuelle mogelegheiter for betre dekning av grunneigarinteresser i rådgjevande utval til neste møte.

Saksopplysningar

I vedtekten til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre, punkt 9 om Rådgjevande utval, står følgjande:
Styret skal oppnemne eit rådgjevande utval. Utvalet skal bestå av representantar for dei ulike interessene i området, som m.a. grunneigarar, offentlege organ som det angår særleg som til dømes friluftsråd, næringsliv, frivillige organisasjonar, m.a. natur- og miljøorganisasjonar og liknande. Nasjonalparkstyret bør ha minst eit årleg dialogmøte med rådgjevande utval.

Då Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vart oppretta i 2011 oppnemte styret tidleg eit fagleg rådgjevande utval. Dette var eit utval som skulle bestå av brukarane av verneområdet, og utvalet skulle møtast minst ein gong i året, jf. vedtekten. Alle verneområdestyre i landet skal ha eit slikt utval for å ha dialog og få innspel til forvaltninga av området, men det er opp til kvart enkelt styre å vurdere korleis og kor mange av brukarane av verneområdet som skal sitje i det

rådgjevande utvalet. Utvalet skal sikre involvering av ulike interesser. Det skal ikkje handsame einskildsaker, men kunne gje uttale om overordna strategiar og særlege forhold.

Nasjonalparkstyret har utvida rådgjevande utval allereie ein gong, det var i 2013. Inntil då var det berre eitt av nasjonalparksentra som hadde representasjon, dei skulle oppnemne *ein* person på vegne av alle tre sentre. I 2013 vedtok nasjonalparkstyret at alle tre sentre skulle være likt representert i rådgjevande utval.

Det fagleg rådgjevande utvalet er sett saman slik:

Naturvernforbundet	Jon Farestveit
Universitetet i Bergen	Atle Nesje
Norsk Bremuseum	John Brekke
Sogn og Fjordane Bondelag	Merete Støfring
Sogn og Fjordane Bonde- og småbrukarlag	Ingolf Folven
Reiselivslaga	Ståle Brandshaug
Sogn og Fjordane Turlag	Rune Valsvik
Jostedalsbreen nasjonalparksenter	Wenche Nesje
Breheimssenteret	Åslaug Hansegård
Fylkesmannen i Vestland	Tom Dybwad

Vurdering

Sekretariatet har, dei siste åra, invitert inn dei tre reiselivslaga (Sognefjord, Sunnfjord, Nordfjord) til dialogmøte sjølv om dei formelt ikkje er oppnemnt i tråd med vedtekten. Forvaltar vurderer det som svært viktig å ha god dialog med reiselivet, og ønskjer ein breiast mogeleg geografisk representasjon frå reiselivet på dialogmøta med styret.

Sekretariatet vurderer også at FNF kan tilføre mykje til rådgjevande utval, og samanslutninga representerer mange relevante, mindre organisasjoner:

- Sogn og Fjordane Turlag SFT
- forbundet Kysten ved Kystlaget Hornelen
- Naturvernforbundet
- NJFF Norges Jeger og Fiskerforbund
- Norges Speiderforbund
- Norsk Ornitologisk Foreining (NOF) avd Sogn og Fjordane
- Fortidsminneforeningen avd Sogn og Fjordane
- Klatrekubbene ved Sogndal klatrekubb
- Gloppen Padlekubb
- Sogndal dykkarklubb
- Sognefjorden Vel

Til dømes har Jostedalsbreen nasjonalpark kulturminne i verneføremålet, noko Fortidsminneforeninga jobbar med. Andre døme kan være fugleinteresserte, jegarar og liknande. Både Sogn og Fjordane turlag og Naturvernforbundet er allereie representert i rådgjevande utval.

Forvaltar stiller spørsmål ved om grunneigarar er tilstrekkeleg representert i Jostedalsbreen sitt rådgjevande utval. Det er Bondelaget og Bonde- og småbrukarlaget som best dekker disse interessen. I andre verneområde er til dømes bygdelag eller grunneigarlag representerte, men det er inga fasitsvar på korleis det blir gjort. Nokre styre har sendt brev til den enkelte kommune og bedt om kommunal oppnemning av ein person frå kvar enkelt bygd, der dette føl av valperioden til kommunen. Storleiken på rådgjevande utval varierer veldig; frå under 10 til over 40. Dersom alle grunneigarlag skulle vore representert i Jostedalsbreen sitt rådgjevande utval hadde det blitt ein stor forsamling. Forvaltar legg difor fram dette til drøfting i styret.

Med den noverande utvidinga vil rådgjevande utval ha 13 medlem.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	30/19	04.12.2019

Jostedalsbreen nasjonalpark - ulovlege tiltak og aktivitet i Fåbergstølsbreelva - Statkraft Energi AS

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre melder Statkraft Energi AS til politiet for arbeidet med elveforebygging, uttak og deponering av masse, samt motorisert ferdsle med store maskiner i urørt natur langs Fåbergstølsbreelva i Jostedalsbreen nasjonalpark. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjer dette i tråd med punkt 8.5 i vedtekten der det står at *Styret har som forvaltningsstyresmakt eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at alle brot på verneforskrifta som styret får kjennskap til blir rapportert/meldt til politiet dersom det er grunn til å anta at forholdet er straffbart.*

Styret har grunn til å meine at forholdet er straffbart, og melder saka til politiet sidan det utførte gravearbeidet er eit stort inngrep i eit verna og urørt naturområde, og at arbeidet vart sett i gong utan at det låg føre løyve.

Styret ber politiet vurdere om tiltaket er brot på verneforskrifta, naturmangfaldlova §§ 48, 8 (kunnskapsgrunnlag), 9 (føre-var-prinsippet) og 10 (økosystemtilnærming og samla belastning).


Saksopplysningar

Dokument i saka:


- Notat etter telefonsamtale den 14. mai 2019 mellom kraftverkssjef i Statkraft Energi AS v/Geir Orrestad og nasjonalparkforvaltar Maria Knagenhjelm.
- Bilderapport frå Statens naturoppsyn v/Anne Rudsengen den 14. mai 2019.
- Synfaring med NVE sitt miljøtilsyn, Statkraft og nasjonalparkforvaltar den 11. juni 2019
- Rapport etter tiltak 9.-10. mai 2019 i elveløp Jostedalsbreen nasjonalpark utan godkjennin, frå Statkraft datert den 20. mai 2019.
- Verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark, 1991.
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark, 1994.

- Vegleiar M-617 frå Miljødirektoratet: [Oppfølgning av ulovlige forhold i verneområder](#)

Statkraft Energi AS (heretter omtalt som Statkraft) v/ Geir Orrestad tok kontakt med nasjonalparkforvaltar Maria Knagenhjelm pr. telefon den 14. mai 2019 for å fortelje at eit arbeid som Statkraft utførte langs Fåbergstølsvane i Jostedalen var komme innanfor nasjonalparkgrensa. Statkraft hadde utført arbeid langs elva den 9. og 10. mai i elveløpet utan då å være klar over vernegrensa. Dei hadde stansa arbeidet då forholdet vart oppdaga, og tok straks kontakt med nasjonalparken.



Figur 1 Oversiktskart over indre delar av Jostedalen i Luster kommune



Figur 2 Flyfoto av det aktuelle området langs Fåbergstølsbreelvane

Figurforklaring, figur 2:

- 1: opphoping av masse utanfor verneområdet
- 2: gammalt løp i elva
- 3: nylaga elveforebygging innanfor vernegrensa

Statens naturoppsyn v/Aanne Rudsgen drog til området same dag for å dokumentere tiltaket (sjå figur 3 og 4).



Figur 3 Bilete av graving i nasjonalparken

Lovgrunnlag

Formålet med Jostedalsbreen nasjonalpark er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område fra lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleving gjennom naturoppleving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

Både elveførebygginga, uttaket og deponering av masse er brot på verneforskrifta kapittel IV, punkt 1.1 der det heiter at *Landskapet er verna mot alle inngrep, mellom anna (...) bygging av vegar, bergverksdrift, regulering av vassdrag, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, drenering og anna form for tørrelæggning, (...), bakkeplanering, (...) o.l. Opplistinga er ikkje uttømmande.*

Det er forbode å bryte laus Stein, mineralar eller fossilar. Det same gjeld uttak av slike materiale for sal. Uttak av stor Stein eller Stein i store mengder er også forbode.

Gjennomføringa av gravearbeidet med køyretøy er jamvel eit brot på motorferdselregelverket i nasjonalparken. I verneforskrifta sitt punkt 4.1 står det *Motorferdsle på land og i vatn, også landing med luftfartøy, er forbode. Som landing reknast også om eit luftfartøy hentar eller set av folk eller gods medan det står stille i lufta.*

I punkt 6 i verneforskrifta står det at *All ferdsle og aktivitet skal vere omsynsfull og varsam slik at ein ikkje skadar natur- og kulturverdiar, uroar vilt eller er til ulempe for andre.*

I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark står det at graving i eit elveløp vil redusere/øydeleggje naturverdiane i området.



Figur 4: Delar av elveforbygginga innanfor vernegrensa

Nasjonalparkstyret sitt ansvar

I vedtekten for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre står det i punkt 8 om Styret sine oppgåver:
Medlemmene av styret skal forvalte verneområdet i samsvar med internasjonale plikter, naturmangfaldlova og verneforskrift for verneområdet.

Alle medlemmene i styret har eit felles ansvar for en heilskapleg forvaltning av verneområda kor ivaretaking av verneverdiane og verneføremålet er hovedoppgåva.

I vedtekten punkt 8.5 Brot på naturmangfaldlova/verneforskrifta, rapportar og melding til politiet står følgjande:

Styret har som forvalningsstyresmakt eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at alle brot på verneforskrifta som styret får kjennskap til blir rapportert/meldt til politiet dersom det er grunn til å anta at forholdet er straffbart.

Miljødirektoratet publiserte, i 2016, ein vegleiari for korleis miljøforvaltninga skal følgje opp ulovlege forhold i verneområde. Vegleiaren gir oversikt over kva virkemiddel forvaltninga kan nytte, og korleis ein bør følgje opp slike saker. Mellom anna står følgjande som er relevant for denne saka:

(Side 5, punkt 1.3) *Det er viktig at forvaltningen følger opp overtredelser, og helst bør dette skje så raskt forvaltningen får kjennskap til overtredelsen. En utbredt praksis med etterfølgende tillatelses vil gi et uheldig inntrykk av at det er «enklere å få tilgivelse enn tillatelse». Manglende oppfølging av overtredelser i verneområder kan føre til at respekten for vernereglene svekkes. Det vil også virke urettferdig for de som følger regelverket dersom manglende etterlevelse ikke får konsekvenser. Hensynet til likebehandling tilsier at praksisen bør være ensartet og konsekvent.*

(Side 5 og 6, punkt 2.1) *Hovedregelen er at overtredelser av naturmangfold-loven kap. V, verneforskrifter og enkeltvedtak skal anmeldes. I vurderingen av hvorvidt en overtredelse skal anmeldes eller ikke, må effekten av ikke å anmeldre overtredelsen også vektlegges.*

Anmeldelse stenger ikke for andre reaksjoner som krav om retting/tilbakeføring, direkte gjennomføring og bruk av tvangsmulkt. Forvaltningen bør som hovedregel heller ikke legge spørsmålet om slike reaksjoner på vent i påvente av at en straffesak blir avgjort. Forvaltningen må gjøre sine vurderinger uavhengig av de strenge krav til bevisvurdering som gjelder i strafferetten.

(Side 6 og 7, punkt 2.3) *Fra tid til annen oppdages det at søkerpliktig tiltak er utført eller igangsatt uten at det er søkt på forhånd. Dette er overtredelser som bør avstedkomme en reaksjon fra forvaltningen. Slike saker bør som hovedregel anmeldes av allmennpreventive grunner.*

Slike forhold innebærer brudd på verneforskriften også i tilfeller der tiltakshaver får en tillatelse i etterkant. Det er avgjørende for forvaltningen å få slike søkerplikter før et tiltak gjennomføres og ikke som en etterfølgende søkerplikt etter at tiltaket er gjennomført. Dette både fordi forvaltningsmyndigheten skal vurdere om det er grunnlag for å gi en tillatelse og vurdere om det er nødvendig å sette vilkår av hensyn til verneformålet. Eksempler på slike vilkår er størrelse på tilbygg, utseende, plassering, tidsrommet for når tiltaket kan utføres, med hvilket utstyr etc. I endel tilfeller vil det være svært vanskelig å etterkomme disse vilkårene når tiltaket først er utført.

Vurdering

Elveforbygginga inneber eit stort og nytt inngrep inne i Jostedalsbreen nasjonalpark, og forvaltninga vurderer at det vil skape stor presedens dersom det ikkje vert meldt til politiet. Ut i frå flyfoto (1993 og 2010) kan ein sjå at det var inga elveforbygging i området frå før. Omfanget på gjennomføringa av tiltaket gjer at det er brot på fleire av vernereglane, og i tillegg er vedtekten til nasjonalparkstyret klare styret si plikt til å melde frå til politiet om brot på vernereglane.

Statkraft har i eit brev datert den 25. juni 2019 søkt Jostedalsbreen nasjonalparkstyre om å byggje ferdig elveforbygginga som delvis allereie er bygd, samt å forlengje denne vidare nedover langs elva til nasjonalparksgrensa og vidare til vegen til Styggevassdammen. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre må vurdere meldinga til politiet uavhengig av utfallet av søkerplikten om godkjenning for å byggje/slutføre forbygginga. Dette er to ulike juridiske spor, og må skiljast.

Nærøyfjorden verneområdestyre hadde ei sak i 2012 som har store likskapstrekk til denne saka i Fåbergstølsbreelvane. I Nærøyfjorden meldte styret ein aktør til politiet for omfattande graving og forbygging innanfor verneområdegrensa ved Skjerpi i Nærøydalalen utan å søkje på førehand. Verneområdestyret gav likevel løyve til tiltaket. Saka enda med ei bot til Aurland kommune som sette i gang tiltaket, og til entreprenør som gjorde anleggsarbeidet.

Konklusjon

Forvaltar meiner det ulovleg gjennomførte tiltaket er så omfattande at det vil skape ein uheldig presedens om det ikkje vert meldt til politiet. Likehandsaming er viktig, og viss styret vel å ikkje anmeld, vil terskelen for å melde framtidige ulovlege tiltak til politiet bli altfor høg. Avgjerande er at det er eit nytt stort anleggstiltak inne i nasjonalparken, og det var ikkje søkt på førehand. I tillegg var motorferdsla med gravemaskin ulovleg. Forvaltar minner også om at styret har «*eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at alle brot på verneforskrifta som styret får kjennskap til blir rapportert/meldt til politiet dersom det er grunn til å anta at forholdet er straffbart.*»

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	31/19	04.12.2019

Jostedalsbreen nasjonalpark – motorisert ferdsle, elveførebygging og deponering av masse - Fåbergstølsbreelvane - Statkraft Energi AS

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova § 48, første ledd med alternativet *dersom sikkerhetshensyn (...)* gjør det nødvendig, gjev Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til Statkraft Energi AS v/ Geir Orrestad til motorferdsel og utføring av vedlikehald langs hovudelva i området Fåbergstølsbreelvane i Luster kommune. Det omsøkte tiltaket har som føremål å sikre vegen til Styggevassdemninga i ei tid med meir bresmelting, flaum og nedbør. Løyvet blir gitt på følgjande vilkår:

1. Statkraft, NVE og nasjonalparkforvaltar skal gjennomføre ei felles synfaring før arbeidet vert sett i gang for å avklare omfang, rammer og løysingar (utgraving i elveløp, type plastring osv.)
2. Den motoriserte ferdsla ved hjelp tyngre maskinar skal avgrense seg til det som er strengt naudsynt for å utføre det planlagde arbeidet. Det skal ikkje være synlege køyrespor frå gravemaskina langs elvebreidda etter at vårsmeltinga tek til.
3. Statkraft, NVE og nasjonalparkforvaltar skal ha ei felles synfaring etter at arbeidet er gjennomført for å få til ei så god tilpassing til landskapet som mogleg, før sluttgodkjenning frå nasjonalparkforvaltningen.
4. Løyvet gjeld frå 15. april til 1. juni 2020, men kan forlengjast i dialog med nasjonalparksekretariatet dersom det er vanskelege vær- og smelteforhold.
5. Dersom det seinare syner seg at tiltaket har uføresette negative verknader på naturmangfaldet, og det finst avbøtande tiltak, kan nasjonalparksekretariatet gi nærmere pålegg om slike tiltak.

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at all motorisert ferdsle krev løyve frå kommunen og frå grunneigarar.

Saksopplysningar


Dokument i saka:

1. Notat frå telefonsamtale den 14. mai 2019 mellom forvaltar og Statkraft
2. Bilete datert den 14. mai 2019 frå Statens naturoppsyn
3. Rapport etter tiltak 9.-10. mai 2019 i elveløp Jostedalsbreen nasjonalpark utan godkjennin, frå Statkraft datert den 20. mai 2019.
4. Synfaring med NVE sitt miljøtilsyn, Statkraft og nasjonalparkforvaltar den 11. juni 2019
5. Søknad om løyve til å få utføre vedlikehald i Fåbergstølsvane (breelvane) som ligg i Jostedalsbreen nasjonalpark, Statkraft Energi AS, datert den 25. juni 2019.
6. Førebels tilbakemelding på mottatt sak, frå nasjonalparkforvaltninga, datert den 26.august 2019

Søknaden

Statkraft Energi AS (heretter omtalt som Statkraft) v/ Geir Orrestad tok kontakt med nasjonalparkforvaltar Maria Knagenhjelm pr. telefon den 14. mai 2019 for å fortelje at eit arbeid som Statkraft utførte langs Fåbergstølsvane i Jostedalen var komme innanfor nasjonalparkgrensa. Statkraft hadde utført arbeid langs elva den 9. og 10. mai i elveløpet utan då å være klar over vernegrensa. Dei hadde stansa arbeidet då forholdet vart oppdaga, og tok straks kontakt med nasjonalparken.

Statens naturoppsyn v/Aanne Rudsengen drog til området same dag for å dokumentere tiltaket.



Figur 5: Oversiktskart over indre del av Jostedalen, Luster kommune

Bakgrunn for saka

Styggevatnet er ein bresjø inst i Jostedalen, og den store Styggevassdammen vart bygd på midten av 1980-talet. Vatnet er hovudmagasin for Jostedal kraftverk, og har eit magasinvolum på 352 millionar m³. Den omtalte vegen og bruа er einaste tilkomsten til Styggevassdammen via landevegen, og er difor svært viktig for drifta av kraftverket.

Etter flaumen i oktober 2018 vart det klart for Statkraft at dei måtte utføre tiltak i Fåbergstølsbreelvi (Breelvane) om ein skulle unngå skade på bru og anleggsveg fram til Styggevassdammen ved ein framtidig ny flaum. Det hadde samla seg opp massar i elveløpet, og ein elveførebygging frå 1980-talet var i ferd med å bli vaska vekk på ei strekning på ca 150 meter oppstraums frå bruа.

Det vart etablert ein elveførebygging langs elva i samband med omlegging av vegen til Styggevassdammen i 1984, slik at ein skulle unngå at Fåbergstølsbreelvane gjekk i fleire løp der vegen kryssar elva(ne). Statkraft skriv at dei har ingen dokumentasjon som viser kor langt inn i nasjonalparken dette førebyggingsarbeidet gjekk, men på det dåverande tidspunkt var heller ikkje nasjonalparken oppretta.

Bileta under viser elveløp før og etter bygging av vegen til Styggevassdammen.



Figur 6: Elveløp i dag, med eit elveløp der veg kryssa elva.



Figur 7: Elveløp før bygging av ny veg og med delt elveløp.

Statkraft sette i april 2019 i gang arbeid i elveløpet for å utbetre dei kartlagde skadane og fjerne massar. Det var avklart med NVE sitt miljøtilsyn at arbeidet kunne gjerast som ordinært vedlikehald utan godkjenning av Detaljplan for landskap og miljø.


Etter at arbeidet var komme godt i gang oppdaga Statkraft at deler av arbeidet gjekk føre seg inne i nasjonalparken. Arbeidet utanfor nasjonalparken er fullført, mens arbeidet inne i nasjonalparken vart stoppa og saka vart varsla til nasjonalparkforvaltar. Forvaltar varsla naturoppsynet som fekk dokumentert arbeidet same dag. Kort tid etter var Statkraft, NVE sitt miljøtilsyn og forvaltar i felt for å vurdere kva ein skulle gjere vidare.

Statkraft søker om dispensasjon frå verneforskrifta for å få ettergodkjent arbeidet som allereie er utført, samt å få løyve til å slutføre arbeidet slik det opphavleg vart planlagt.

I følgje søknaden ønskjer Statkraft å starte på fullføringa av arbeidet den 15.04.2020, og planlegg ferdigstilling den 01.06.2020. Statkraft har truleg kort tid på seg pga snøsmelting om våren, for elva må være relativt lita samstundes som snøen må være borte i det aktuelle området.

Statkraft skriv at dei søker om å ta ut massar frå djupløpet i elva (skravert gult) og reetablere/vedlikehalde eksisterande eleforebygging (skravert rødt og blått, jf. figur 4.) Statkraft søker også om å utvide eleforebygginga opp langs det vestre elveløpet (sjå figur 4) for å unngå at elva tek eit nytt løp.

Statkraft søker ikkje om deponi eller rigg, og heller ikkje tilkomstveg. Elveleiet skal nyttast til køyring av anleggsmaskinene slik at det ikkje vil vere synlege spor i terrenget når arbeidet er avslutta, jf. søknaden.



Figur 8: Omsøkt tiltak langs Fåbergstølsbreelvane.

Under er nokre foto frå synfaringa den 11. juni 2019 med Statkraft og NVE sitt miljøtilsyn.



Figur 9: På biletet ser ein plastring/elveforebygginga frå våren 2019 langs elveløpet. Arbeidet er fullført og er innanfor vernegrensa.



Figur 10: Plastring/elveforebygging våren 2019 i venstre kant av biletet. Same objekt som på figur 5, men med ulik vinkel.



Figur 11: Omsøkt plastring langs elveleiet, men her er tiltaket ikkje gjennomført. I høgre bakkant av biletet ser ein den avlange plastringa inn mot bjørkeskogen.



Figur 12: Biletet viser elveløpet utanfor nasjonalparkgrensa, slik det er skal sjå ut med djupløp og breiare elveseng, i følgje søknaden. Slik blir det meir plass til flaumvatn og mindre oppstuingseffekt.

Lovgrunnlag

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er i forskrifta datert den 25. oktober 1991 omtala slik:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plant- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleveling gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

I Jostedalsbreen nasjonalpark er landskapet verna mot alle inngrep, mellom anna (...) anlegg, bygging av vegar, bergverksdrift, regulering av vassdrag, graving og påfylling av masse, (...)

bakkeplanering, (...) og liknande. Det er forbode å bryte laus Stein, (...). Uttak av stor Stein eller Stein i store mengder er også forbode (verneforskrifta § IV, punkt 1.1).

Det er ingen heimel i verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark til å grave i elveløp eller endre landskap i den utstrekning som er omsøkt i denne saka. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre må difor vurdere søknaden fra Statkraft etter den generelle dispensasjonsheimelen i verneforskrifta, som no er erstattat av § 48 i naturmangfaldlova. Der heiter det at *forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.* Tiltaket må vurderast i lys av heimelen om tryggleik (*sikkerhetshensyn*).

Om motorferdsle står det følgande i verneforskrifta, punkt 4.1: *Motorferdsle på land og i vatn, også landing med luftfartøy, er forbode.* Det er ingen heimel til motorisert ferdsl i samband med den omsøkte køyringa, så nasjonalparkstyret må også vurdere grave- og køyreaktiviteten etter naturmangfaldlova si § 48.

I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark står det at graving i eit elveløp vil redusere/øydeleggje naturverdiane i området, og det er difor ikkje aktuelt å opne for slike inngrep i nasjonalparken.

Etter naturmangfaldlova skal §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfold, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Saka blir vurdert etter:

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark av 1991
- Lov om bevaring av naturens mangfold (naturmangfoldlova) av 2009
- Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark frå 1994

På synfaringa den 11. juni 2019 der NVE sitt miljøtilsyn, Statkraft og nasjonalparkforvaltaren deltok, var det tydeleg at delar av den eksisterande elveforebygginga var gammal. Då vi var på synfaring var partane usikre på om det var ei forbygging frå 1984 der den nye 130 meters forbygginga er planlagt og påbegynt innafor nasjonalparken. Flyfoto frå 2010 viser at det ikkje var forbygging her.

Flyfoto frå 2010:



Figur 13: Flyfoto frå 2010. Biletet syner at det ikkje var elveforebygging innanfor vernegrensa.

Statkraft meiner at det ikkje har vore vedlikehald på elveforebygginga sidan 80-talet, elles er det sannsynleg at det hadde fantes tilsvarende søknader eller korrespondanse om denne i Fylkesmannen sitt arkiv. Tidlegare nasjonalparkansvarleg hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Tom Dybwad, har ikkje handsama saker om elveforebygging langs Fåbergstølsbreelvane så lenge nasjonalparken har eksistert.

Spørsmålet om elveforebygginga langs delar av Fåbergstølsbreelva var ikkje tema då vernegrensa vart trekt i verneplanprosessen fram mot kongeleg resolusjon den 25. oktober 1991. Flyfoto frå 2010 viser då også at elveforbygginga i det store og heile låg utanfor nasjonalparkgrensa. Dersom det var nokre meter innanfor med elveforbygging, vart i så fall denne akseptert.

På denne bakgrunn er konklusjonen at den omsøkte elveforbygginga langs Fåbergstølsbreelva inne i nasjonalparken er eit nytt tiltak, ikkje reparasjon av ei gamal og øydelagd forbygging.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre må handsame søknaden etter § 48 i naturmangfaldlova.

Forvaltar vurderer i utgangspunktet at det omsøkte tiltaket *strid mot vernevedtaket sitt føremål*, særleg kap. III, første strekpunkt, om å verne eit stort, variert og verdifullt breområde med

tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- dyreliv og geologiske førekommstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.

Forvaltar vurderer også at det omsøkte tiltaket påverker verneverdiane nemneverdig. Fordi landskapet er verna mot alle inngrep (kap IV, punkt 1.1.) og fordi dette er eit omfattande inngrep som vil endre elva sitt naturlege løp, ville det ikkje bli gitt løyve til under normale forhold.

Søknaden må formulerast i høve til formuleringa om tryggleik i nml § 48, der det står *eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig* (forvaltar si uteving).

På regjeringen.no står det m.a. om naturmangfoldlova sin dispensasjonsheimel:

Videre er det spørsmål om hva som kan anses å være «nødvendig» i § 48 første ledds forstand, herunder om det er av betydning at det foreligger alternative løsninger til det ønskede tiltaket. (...) Der sikkerhetshensyn gjør det nødvendig, vil imidlertid ikke §§ 35 til 39 danne skranker for en dispensasjon, jf. første ledd. I disse tilfellene vil sikkerhetshensyn gi grunnlag for dispensasjon selv om det vil være i strid med verneformålet og påvirker verneverdiene. I slike tilfeller vil en dispensasjon normalt bli gitt på det vilkår at forberedelse og gjennomføring av tiltak skjer i et nært samarbeid mellom den som gjennomfører sikkerhetstiltaket og forvaltningsmyndigheten, slik at hensynet til vernevedtakets formål og vernebestemmelsene for øvrig ivaretas best mulig, jf. § 48 første ledd første alternativ.

Med alternativet «sikkerhetshensyn» siktes det bl.a. til sikkerhet for liv og helse, ...

Sikkerhetshensyn er ein juridisk heimel i nml sin dispensasjonsparagraf der elles store og omfattande skadar og øydeleggingar av eigedom ville vore resultatet. Forvaltar vurderer at dersom nasjonalparkstyret avslår søknaden frå Statkraft om å gjere endringar i og langs elveløpet, står det att to alternativ:

- a) Statkraft ville måtte grave ei vesentleg større elveforebygging utanfor vernegrensa, men denne ville ha øydelagt eit mykje større naturområde. Samla belasting (nml § 10) på landskapet ville vore mykje større både når det gjeld økosystemtilnærming, men også for landskapsopplevelinga (det er mange som oppsøker urørd natur (høgpurister) som går til fots og på ski inn dalen langs elva mot Fåbergstølsbreen, i tillegg til at mange bilturistar kører forbi dette punktet ila sommaren).
- b) Vegen må få nye bruer langs vegen på alle punkt der elva kan potensielt finne nye løp. Elva vil raskt kunne finne nye løp i flaumsituasjonar, og dersom vegen vert vaska vekk vil ein ikkje kunne komme enkelt fram til Styggevassdammen utan å byggje nye bruer.

I ei tid med auka risiko for styrtegn, auka bresmelting og meir ustabilt klima vil omstilling være eit relevant tema i denne samlevurderinga.

Jostedal kraftverk er eit av dei største i landet med ein produksjon på 874 Gwh, og forsyner store delar av Austlandet med elektrisk straum. Det vil vere ein viktig samfunnsinteresse som kan bli sett ut av spel dersom tilkomst for vedlikehald av Styggevassdammen ikkje er god nok.

Under arbeidet med den omsøkte forbygginga langs Fåbergstølselva kan den motoriserte ferdsla påverke friluftslivet i området, men nasjonalparkforvaltaren meiner at påverknaden er avgrensa, då turistsesongen ikkje er så stor på dette omsøkte tidspunktet.

Kunnskapen om naturmangfaldet er god, forvaltar er kjent i området. Det er ikkje funnet sårbare artar på offentleg tilgjengelege register. Informasjonen om området er henta frå fylkesatlas.no, artsobservasjoner.no, og miljostatus.no (artar på raudlista, prioriterte artar, viktige naturtypar, utvalde naturtypar og villreinområde), og i samsvar med krava i naturmangfaldlova § 8.

Føre-var-prinsippet i nml § 9 er mindre aktuell, då arbeidet allereie var godt i gong då nasjonalparkstyret fekk søknaden til vurdering. Med vilkår om eventuelle avbøtande tiltak dersom det dukker opp kunnskap vi ikkje har på det noverande tidspunkt, kan føre-var-prinsippet og ev nml § 11 om at tiltakshavar må bære kostnadane ved miljøforrining bli aktuell.

Nml § 12 om miljøforsvarlege teknikker og driftsmetoder er relevant gjennom tidspunktet for den motoriserte ferdsla. Så snart bakken er bar, men før elva veks frå snøsmeltinga i høgda må tiltaket gjennomførast intensivt på kort tid. Slik vil ikkje hekke- og reirperioden bli påverka meir enn naudsynt. Statkraft har eit veldig smalt vindauge å utføre tiltaket på, men ramma for gjennomføringa i løyvet må være vidt – ein veit aldri på førehand når snøen smeltar.

Konklusjon

Statkraft Energi As burde ha hatt kompetansen til å unngå å starte opp anleggstiltaket med graving fleire hundre meter med elveforbygging og tilhøyrande og motorferdsel i ein nasjonalpark. Dei tok ansvar likevel og stoppa arbeidet då dei oppdaga feilen.

Den omsøkte elveforbygginga inneber eit nytt stort anleggstiltak inne i nasjonalparken, og det vil skape stor presedens dersom det ikkje vert meldt til politiet.

Søknaden skal vurderast uavhengig av at arbeidet er påbegynt og om det er ulovleg igangsett.

Forvaltar forventar at ein så stor aktør er meir påpasseleg med vernegrensa ved framtidige prosjekt, og gjerne varslar sekretariatet om prosjekt i randsona.

Forvaltar vurderer at omsynet til tryggleik for ein såpass nasjonal viktig infrastruktur i samfunnet som den enorme Styggevassdammen er for Jostedal kraftverk, gjer at Statkraft Energi AS kan få løyve til tiltaket som allereie er utført, samt gjere det resterande arbeidet med elveforbygging for å sikre vegen til Styggevassdammen.

Forvaltar legg også vekt på at ei fullgod elveforbygging utanfor nasjonalparken vil utgjere eit langt meir omfattande tiltak i naturen.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	32/19	04.12.2019

Jostedalsbreen nasjonalpark - drift av styre og årsplan for 2020

Innstilling fra forvaltar

Nasjonalparkstyret skal møte med jamne mellomrom i 2020 for å arbeide vidare med forvaltningsplanen og besøksstrategien. Styret skal gjere vedtak i dispensasjonssaker og følgje opp tiltak i nasjonalparken som kan bidra til å styrke verneverdiane, med utgangspunkt i følgjande årshjul:

- Januar/februar: Vedtak om utlegging av forvaltningsplan og besøksstrategi til høyring
- 9.-10. mars: Opplæring og konstituering av nytt styre i Balestrand
- 5.-6. Mai: Nasjonalparkkonferanse og styremøte i Trondheim
- Juni: Styremøte med synfaring/opning av driftevegen i Sunndalen
- August/September: Styremøte med synfaring
- Oktober: Styremøte (kan sløyfast)
- November/desember: Styremøte/ dialogmøte med rådgjevande utval

Fleire møte er avhengig av om viktige, store hastesaker dukkar opp som treng heile styret sin vurdering. Vi sender ut framlegg til konkrete datoar etter at nytt styre er konstituert.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre godkjenner framlegg til driftsbudsjetten for året 2020 på kr 320 000,- jf. saksutgreiinga. Styret godkjenner også budsjettet på kr 450 000,- i planmidlar.

Vi sender over budsjettet til Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter (ESS) innan fristen den 10. januar 2019. Mindre endringar kan vi gjere i samråd med Fylkesmannen i Vestland.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- E-post frå Miljødirektoratet datert 12.11.2019: Rammer og opplegg for Fylkesmannen og verneområdestyrer - innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder og bestilling av tjenester fra SNO - 2020
- Vedtekten til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre datert 7. september 2015.

Jamfør vedtekten *bør styret tre saman minst fire gonger kvart år og elles når leiaren bestemmer* (punkt 7). Disse fire gongene er uavhengig av kor mange gonger eit eventuelt AU trer saman. Sidan 2011 har Jostedalsbreen nasjonalparkstyre hatt møte mellom fire og åtte gonger i året. I 2019 har det vore fem møte, til liks med 2018 og 2017. Møta i år var i mars, april (telefon), juni, september og desember.

Året 2020 skal nasjonalparkstyret endeleg vedta besøksstrategien og forvaltningsplanen. Arbeidet går no inn i sluttfasen, men bør drøftast av styret før det leggjast ut på høyring. Sekretariatet skal sende dokumenta over til fagleg godkjenning i Miljødirektoratet midt i januar, og vi ønskjer at nasjonalparkstyret skal ha eitt siste møte før høyringa. Styret må vurdere om dette skal være eit fysisk møte eller telefonmøte.

Miljødirektoratet informerer mellom anna om at dei vil arrangere ein nasjonalparkkonferanse for alle styremedlemmer og forvaltarar i Trondheim 5. og 6. mai 2020. Direktoratet vil dekke opphold, og styra må budsjettere med reiseutgifter innan eige budsjett. Konferansen er ein naturleg plass å forlengje med eit styremøte.

Eit viktig arrangement å ta høgde for i styrebudsjettet for neste år er opplæringa av det nye nasjonalparkstyret. Forvaltarane i Vestland er allereie i gang med å planlegge eit kompetanseprogram for alle styra i vest, datoer er sett til den 9.-10. mars på Kviknes hotell i Balestrand. For fire år sidan vart dette kompetanseprogrammet halde i Sogndal, for åtte år sidan var det i Balestrand. Det er eit gyllent midtpunkt mellom Folgefonna i sør og Geiranger i nord.

Når eit nytt styre er på plass vil det truleg være interesse for å bli betre kjent i verneområdet. Framlegget til budsjett gjev opning for overnatting og turar. Det blir naturleg å leggje inn ei overnatting i samband med styremøte og opning av den nye driftevegen i Sunndalen i juni. August er også eit fint tidspunkt å planlegge synfaringar.

I brevet frå Miljødirektoratet datert den 12. november 2019 står mellom anna:

Styrene kan melde inn behov om midler til henholdsvis "Drift av nasjonalpark- og verneområdestyrer" og "Forvaltningsplaner og besøksstrategier for nasjonalparker og andre store verneområder".

I tillegg vil det, innenfor de rammer som er tilgjengelige, prioriteres midler til utarbeidelse/revisjon av forvaltningsplaner samt ferdigstillelse av besøksstrategier for de verneområdene som ikke har den på plass allerede.

Vurdering

Tildelinga til drifta av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre for 2019 var på kr 300 000,- (2018: kr 250 000). Dette har inkludert både utgifter til møte, seminar, synfaringar, dekking av reise og møtegodtgjersle, samt møteutgifter og dekking av reise for rådgjevande utval. Vi ligg, pr. dags dato, noko under budsjettet (etterslep på utbetaling av møtegodtgjersle til styremedlemer), men vi planlegg å nytte restmidlane til innkjøp av nye nettsider for Jostedalsbreen nasjonalpark.

Disse nettsidene blir utvikla i tråd med designmanualen til Norges nasjonalparkar, og vil bli kjøpt inn i felles anbodsprosess i lag med dei andre verneområdestyra som ligg under Fylkesmannen i Vestland.

Vi legg fram budsjett på kr 320 000,- til styrets drift i 2020. Dette inkluderer kompetanseprogram i Balestrand, nasjonalparkkonferanse i Trondheim, i tillegg til det vanlege årshjulet. Fordi styret er nytt er det lagt opp til minst to møte inkludert synfaringar i løpet av barmarkssesongen. År 2020 skal også nasjonalparkstyret endeleg vedta besøksstrategien og forvaltningsplanen, noko som også krev tid til å drøfte disse omfattande dokumenta.

Budsjettet er ikkje vesentleg auka neste år, men det blir også to færre styremedlemer den neste styreperioden enn den førre på grunn av kommunesamanslåinga. Sogndal og Balestrand går frå to til eit styremedlem, og Jølster og Førde går frå to til eit.

Vi foreslår eit styremøte i januar/februar før forvaltningsplanen og besøksstrategien vert lagt ut til høyring. Det blir truleg sittjande styre som handsamer det.

Estimering av utgifter i 2020 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre				Møtegodtgjersle	Timeforbruk										
		Sats leiar (kr/t)	612	* = inkl. 1,5 timer til førebuing											
		Sats øvrige (kr/t)	463												
Skisse til møteplan															
Møtedato	Type	Tal timer	Tal deltakarar	Timebruk leiar	Kostnad leiar (kr)	Timebruk øvrige (t)	Kostnad øvrige (kr)	SUM møte	Kommentar						
Januar/februar	Vedtak om forvaltningsplan/besøksstrat	3	6	3 *	1 836	15	9 180	11 016	Før utlegging til høyring						
9.-10.mars	Kompetanseprogram/konstituering	12	10	10 *	6 120	108	50 004	56 124	Bestillingsmøte 2						
4.-5.mai	Nasjonalparkkonferanse og møte	12	6	10 *	6 120	60	27 780	33 900							
Juni	Styremøte og synfaring	8	6	6 *	3 672	40	18 520	22 192							
August/september	Styremøte med synfaring	8	6	6 *	3 672	40	18 520	22 192							
Oktober	Styremøte (?)	2	6	2 *	1 224	10	4 630	5 854							
November/desember	Styremøte med rådgjevande utval	8	6	8 *	4 896	40	18 520	23 416	Bestillingsmøte 1						
SUM kostnader møte								163 678							
Kjøre-/reisegodtgjørelse															
Estimering av utgifter til reise-/kjøregodtgjørelse, føresettadar:															
1. Regner med et gjennomsnitt på kr. 1000 pr. person for Jostedalsbreen															
2. Reknar med 8 styremedlemmer pr. ordinære møte (5 møte = kr 42 000,-)															
3. Reise til nasjonalparkkonferansen															
SUM:								60 000							
Leie av lokaler, overnatting, RU, samt servering under styremøtene:															
Utgifter i samband med møte (møterom, varm lunsj, kaffelte med meir)									40 000						
Reiseutgifter og møtekostnadar Fagleg rådgjevande utval									30 000						
Eitt eller to kombinerte styremøte med synfaring inkl. overnatting, lunsj el middag									30 000						
SUM:								100 000							
Totale utgiftar i samband med møter i Jostedalsbreen nasjonalpark 2019 (estimerte utgiftar med ein viss grad av skjønn)								323 678							

Vi har budsjettframlegg på kr 450 000,- til planarbeid. Dette inkluderer å utarbeide ein heilt ny skjøtselsplan for dei tre dalføra Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Stryn. Dette er eit omfattande arbeid, truleg med ei kostnadsramme på opptil 300 000,-. No når dei store tilretteleggingstiltaka inn dalføra er gjennomførde, er det skjøtsel som er det naturlege neste steget for å ta vare på verneverdiane i kulturlandskapa i disse tre dalføra. Sekretariatet har også spelt inn Bødalen som kandidatområde til NiN-kartlegging via Fylkesmannen i Vestland.

I tillegg er 2020 eit viktig år å fullføre forvaltningsplan- og besøksstrategiprosessen. Ein sum på kr 150 000,- skal kunne dekkje utgifter til layout på dokumenta, annonser i lokalavisene, bygdemøte, innkjøp av kartkompetanse og trykking av nokre eksemplar til utdeling.

Under er ei samleoversikt:

Budsjett 2020 for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre		
	Budsjett 2020	Merknadar
D Driftsutgifter for styre og utval		
Møtegodtgjersle styret	160 000	sjå eige oppsett
Reiseutgift styret, inkl. nasjonalparkstyrekonferanse	60 000	sjå eige oppsett
Møteutgift styret og møte/reise for rådgjevande utval	100 000	sjå eige oppsett
SUM D	320 000	
E Utgifter til forvaltningsplan og besøksstrategi, forvaltarkontor Gaupne		
Utarbeiding av skjøtseplan i Erdalen, Bødalen og Sunndalen	300 000	Kjøp av tenester
Layout besøksstrategi, kartkompetanse, bygdemøte, annonsering, trykking	150 000	Kjøp av tenester
SUM E	450 000	
Estimerte kostnadar	770 000	

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	33/19	04.12.2019

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - bestillingsdialog og tiltaksplan - 2020

Innstilling frå forvaltar

Bestillinga til SNO og tiltaksplanen for 2020 vert lagt fram til drøfting under styremøtet.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Rammer og opplegg for verneområdestyrer - innmelding av behov for midlar til tiltak i verneområder og bestilling av tenester av SNO – 2020. Miljødirektoratet 11.11.2019
- Strategi for bruk av tiltaksmidlar 2020-2025, Miljødirektoratet
- Handlingsplan for styrket forvaltning av verneområdene, Klima- og miljødepartementet 2019
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark 1994
- Tiltaksplan
- Årsrapport 2019 frå SNO (blir ettersendt)

I statsbudsjettet er det sett av tiltaksmidlar til forvaltning av verneområde, slik at ein tek vare på eit representativt utval av norsk natur for kommande generasjonar. I den nye strategien for bruk av tiltaksmidlar for perioden 2020- 2025 vert det prioritert tiltak i verneområde der verneverdiane er trua. Klimaendringane er venta å føra til auka stress for mange artar og naturtypar i verneområde, og kan gje endringar i samansetning av artar. Døme på truslar mot verneverdiane er attgroing, slitasje, forstyrringar og ureining. Tiltaksmidlane vert fordelt på bakgrunn av dagens trusselbilde i verneområda. I tillegg skal skjøtsel, tilrettelegging og, etter kvart, utrulling av besøksstrategiane få midlar til godt planlagde tiltak.

I strategien står mellom anna følgjande:

"Midlane går til tiltak som er naudsynte for å ta vare på verneverdiane, inkludert utgreiingar som er naudsynte før tiltak, informasjonstiltak og skjøtsels- og tilretteleggingstiltak. Tilretteleggingstiltaka omfattar opparbeiding av stigar, klopping og merking for å betre tilgjengen i verneområda og samstundes styre ferdsla i og rundt sårbar natur i verneområda. Midlane nyttast òg til informasjonstiltak i alle typar av verneområde i samband med ny merkevare for Noregs nasjonalparkar og til utarbeiding av besøksstrategiar for nasjonalparkar og andre verneområde med store besøkstal eller særskilde utfordringar. Alle tiltak skal vere i tråd med godkjent forvaltings-/skjøtselsplan for verneområda og andre relevante styringsdokument."

Posten for tiltaksmidler er en statlig investeringspost for forvaltningsmyndighetenes prioriterte tiltak i verneområder. Midlene skal derfor kun benyttes til tiltak i forvaltningsmyndighetens egen regi, ev. til kjøp av tjenester for gjennomføring av tiltakene. Midlene kan ikke benyttes som tilskudd til andre aktører. Drift og vedlikehold av infrastruktur (veier, toaletter, parkeringsplasser o.l.) utenfor verneområdene finansieres ikke over tiltaksmidlene.

Strategien seier tydeleg at midlane ikkje kan nyttast som tilskot til andre, men som investeringar der ein har ein tydeleg samarbeidspartner som tek drift og vedlikehald.

Miljødirektoratet har sett opp følgjande prioriteringar ved bruk av tiltaksmidlar:

1. *Tiltak som direkte bidrar til å motvirke negative påvirkningsfaktorer knyttet til trusselbildet.*
1. *Ramsar-områder og truede naturtyper prioriteres høyest blant disse tiltakene*
2. *Løpende skjøtselstiltak*
3. *Vedlikehold av eksisterende tilrettelegging*
4. *Bruk av merkevaren Norges nasjonalparker i verneområder med høyt besøkstrykk*
5. *Bruk av merkevaren i øvrige verneområder*
6. *Besøksforvaltingstiltak som ikke er direkte knyttet til trusselbildet (slik som fugletårn mm.)*

SNO sine oppgåver og aktivitetar i verneområda skal samordnast med tildelinga av midlar til tiltak i verneområda for å få ein effektiv bruk av dei samla ressursane til tiltak i verneområda. I bestillingsdialogen med SNO skal styret drøfta ynskje om bistand/ressursbruk frå SNO til eventuelle prosjekt, kartlegging og tiltak, i tillegg til kjerneoppgåvene som mellom anna er oppsyn og overvaking av naturtilstand.

Forvaltar legg fram forslag til bestilling av tenester frå SNO for 2020 til drøfting i styremøtet. Forslaget er utarbeidd på bakgrunn av innspel frå grunneigarar, kommunar og andre interessentar, samt innspel og diskusjonar i styret ila hausten 2019. Tiltaka er i tillegg vurdert på bakgrunn av dialog med SNO. Styret må gå gjennom innspela og drøfte prioriteringane under møtet.

Frist for innmelding til bestillingsdialogen til Miljødirektoratet er 10. januar 2020. Dette gjennomfører sekretariatet på bakgrunn av styret sin vedtekne tiltaksplan.

Vurdering

Alle tiltak i bestillingsdialogen skal vere forankra i forvalningsplan, besøksstrategi eller andre styrande dokument. Fordi Jostedalsbreen har ein gammal gyldig forvalningsplan (frå 1994) og er i innspurten av den nye planen og ein ny besøksstrategi, er det hovudsakleg *andre styrande*

dokument som styret kan forankre tiltaka i. Tiltaksplanen er eit slik styrande dokument. Fordi vi i 2020 får ferdig forvaltningsplanen og besøksstrategien, noko som blir styrande for åra 2021 +, gjeld denne tiltaksplanen berre for 2020.

Tiltaksplanen vert lagt fram i styremøtet. Det er basert på innspel frå grunneigarar, kommunar og andre. Tiltaka er også lagt fram på bakgrunn av evalueringsmøte med SNO om tiltaka som er gjennomført i 2019, og erfaringar derifrå. Styret må gå gjennom innspela og drøfte prioriteringane under møtet. Nokre av tiltaka er reparasjonar/utbetringar av tidlegare tiltak, andre er slutføring av påbegynte tiltak, eller nye tiltak som er naudsynt for å sikre verneverdiane.

For Jostedalsbreen kan mellom anna være aktuelt i tiltaksplanen. Sekretariatet vil gå gjennom disse, og ev andre, på styremøtet. Dei er lista opp i prioritert rekjkjefølgje:

- Gjenoppbygging av varde langs Skålastien
- Sårbarheitskartlegging Haugadalen, Bøyadalen, Skåla
- Utbetring av erosjonsutsette punkt på driftvegen i Erdalen
- Utbetring av stiparsell langs Skålastien
- Plan for opprusting av stien til Flatsteinbu (Oldedalen)
- Reparasjon av erosjonsutsett område på stien til Oldeskaret
- Kloppling i Bergsetdalen
- Rydding av gran i Sunndalen og i Fosdalen
- Framleis hente ut søppel på planlagde punkt i nasjonalparken (slutføring)
- Stiprosjekt i Haugadalen (slutføring)

Styret skal, i saka om årsplan og drift for 2020, vedta å prioritere utarbeiding av skjøtselsplan for dei tre dalføra Erdalen, Bødalen og Sunndalen. Dette blir altså ikkje rekna som tiltaksmidlar, men planmidlar. Skjøtselsplanen er svært viktig for å komme vidare med arbeidet med å auke verneverdiane i kulturlandskapet.

I møte med m.a. Skålastilaget og Stryn kommune i august gjeldande Skålastien som kandidat til Nasjonal turiststi, oppmoda sekretariatet Stryn kommune å utarbeide eit budsjett og plan for drift av toalett på Tyva, då det er behov for dette. Toalett er eitt av fleire tiltak som må på plass for å jobbe fram stien som Nasjonal turiststi. Toalett på Tyva kunne være aktuell som tiltak via bestillingsdialogen mellom nasjonalparkstyret og Miljødirektoratet i 2020. Vi fekk, i e-post den 25. november 2019, innspel frå Stryn kommune om etablering av permanent toalett på Tyva (tidlegare Tjujen), startpunktet til Skåla. Byggjetrinn 1 er budsjettert til kr 850 000,- inkludert graving og framføring av vassleidning og straum. Det er pr dags dato ikkje avtale om drift og vedlikehald, så tiltaket fell utanfor kriteria som er sett frå Miljødirektoratet:

I forkant av innmeldingen må formalitetene rundt tiltaket være avklart, som planavklaringer og innhenting av nødvendige tillatelser for gjennomføring av tiltaket. I tillegg må eierforhold og tilsyns-/drift- og vedlikeholdsavtaler være avklart.

I Handlingsplan for styrket forvaltning av verneområdene er det presisert at "For større installasjoner som fugletårn mv. er det krav om en betydelig samfinansiering fra andre for å kunne prioritere tiltaket. Videre må eierforholdet og vedlikeholdsansvaret avklares på forhånd." Dersom Stryn kommune får meir klarheit i forhold kring drift og vedlikehald kan kommunen eller Skålastilaget eventuelt søkje om midlar frå ordninga Nasjonale turiststier, der fristen er 1. februar. Miljødirektoratet har også ei ordning som heiter Verdiskaping basert på naturarven, der t.d toalettanlegget i Kjenndalen fekk 50 % dekt av staten.

Behov for ferdselteljarar skal også meldast inn via bestillingsdialogen til Miljødirektoratet. Ferdsselsregisteringar er eit viktig verkemiddel både for å kartlegge bruken og for å sjå på utviklinga over tid. Dette for å kunne vurdere aktuelle tiltak for å styre ferdsela og for å ta vare på

sårbare område. I Jostedalsbreen har vi hatt til saman fem ferdselsteljarar i 2019, SNO sin årsrapport har detaljar om disse. Vi planlegg bestilling av fem teljarar også i 2020, samt tenester frå SNO for å halde disse under oppsyn. Sekretariatet foreslår at prioriterte stader i 2020 er Bøyabreen, Kattanakken, Austerdalen, Flatsteinbu og Brenndalen.

TILTAKSPLAN FOR JOSTEDALSBREEN NASJONALPARK 2020						Sist endret: 26.11.2019					
Verneområdenavn + naturbase-id	Tiltakskategori	Kort beskrivelse av tiltak	Prioritet	Finansiering	Samarbeids-aktører	Hvem gjennomfører tiltaket?	Gjennomføringsperiode	Intervall (eventuelt)	Kostnadsoverslag (kr)	Merknad/kommentar	
Jostedalsbreen nasjonalpark	Vedlikehold	Reparasjon av varde langs Skålastien		Tiltaksmidlar frå Mdir	Skålastilaget/ SNO	Skålastilaget/ entreprenør	2020		10 000	Ein av dei viktigaste gamle vardenane har falt ned og treng gjenoppmuring	
Jostedalsbreen nasjonalpark	Vedlikehold	Utbetring av erosjonsutsatte punkt på dei opprusta driftevegane i Erdalen og Sunndalen		Tiltaksmidlar frå Mdir	Erdalen beitlag/ Sunndalssetra grunneigarlag/ SNO	Beitela	2017-2020		30 000	Oppfølging av igangsett prosjekt.	
Jostedalsbreen nasjonalpark	Tilrettelegging	Arbeid på erosjonsutsatt punkt og kanalisering forbi morene langs stien i Haugadalen		Tiltaksmidlar frå Mdir	Jelster kommune/ Bre og Fjell	Bre og Fjell	2018-2020		20 000	Tiltaket stod på lista for 2018, men vart ikkje gjennomført. Pengane avsatt i 2018 vart brukt på produksjon av bru. Bru er montert og avtale vart inngått i 2019, men siste arbeid på stien må gjennomførast i 2020.	
Jostedalsbreen nasjonalpark	Tilrettelegging	Utbetring av stiparsell langs Skålastien		Tiltaksmidlar frå Mdir	Skålastilaget/ SNO	Skålastilaget/ entreprenør	2020		120 000	Utbetring av punkt frå enden av traktorvegen og opp mot nasjonalparksgrensa. Skålastilaget fekk midlar frå Thon-stiftelsen til annan parsell i fjor.	
Jostedalsbreen nasjonalpark	Kartlegging og overvåking	Sårbarheitskartlegging for området rundt Skålastien/ Vestskåla		Tiltaksmidlar frå Mdir	Skålastilaget	Konsulent	2020		100 000	Naudsynt for å komme vidare med prosjekt Nasjonal turiststi	
Jostedalsbreen nasjonalpark	Kartlegging og overvåking	Sårbarheitskartlegging i Haugadalen og Bøyadalen		Tiltaksmidlar frå Mdir		Konsulent	2020		100 000	Naudsynt for å vurdere status og tiltak i besøksstrategien	
Jostedalsbreen nasjonalpark	Vedlikehold	Reparasjon av flumskade på bru i Ruteflodalen		Tiltaksmidlar frå Mdir	Grunneigarar	Grunneigarar	2020		20 000	Skulle vere gjort i 2019	
Jostedalsbreen nasjonalpark	Kunnskapsinnhenting	Lage ein plan for utbetring av stien til Flatsteinbu		Tiltaksmidlar frå Mdir		Konsulent	2020		35 000	Stien opp til Flatsteinbu er tilrettelagt frå gammalt av og er ein fin og trygg tur for dei fleste. I tråd med besøksstrategi.	
Jostedalsbreen nasjonalpark	Vedlikehold	Reparasjon av erosjonsutsatt punkt på stien til Oldeskaret		Tiltaksmidlar frå Mdir	Melkevoll Bretun/ Oldedalen utviklingslag	Grunneigarar / lokal arbeidskraft	2020		12 000	Jf. sårbarheitsvurdering frå NINA	
Jostedalsbreen nasjonalpark	Tilrettelegging	Klopplegging av blåute parti inn Bergsetdalen		Tiltaksmidlar frå Mdir	Luster kommune, grunneigarar, SNO	Grunneigarar / lokal arbeidskraft	2020		30 000	Deler av stien vart klopplagt av Luster kommune for nokre år sidan, no er det nye blåute parti som kan utbretast	
Jostedalsbreen nasjonalpark	Uttak av fremmede arter	Rydding av gran i Fosdalen		Tiltaksmidlar frå Mdir	Grunneigarar	Grunneigarar / lokal arbeidskraft	2020		30 000	Om mogeleg inn i nasjonalt prosjekt om gran i verneområde	
Jostedalsbreen nasjonalpark	Uttak av fremmede arter	Rydding av gran i Sunndalen		Tiltaksmidlar frå Mdir	Grunneigarar	Grunneigarar / lokal arbeidskraft / entrerønør	2020		120 000	Om mogeleg inn i nasjonalt prosjekt om gran i verneområde	

Fortsett neste side...

Jostedalsbreen nasjonalpark	Vedlikehold	Helikopter for uthenting av søppel		Tiltaksmidlar frå Mdir	SNO-L, Energiselskap, kommunar	Forvaltning og SNO	2020		35 000	Jf. rapport frå SNO	
Jostedalsbreen nasjonalpark	Vedlikehold	Vedlikehald av bruer og stær		Tiltaksmidlar frå Mdir	Grunneigarar, SNO, kommunar, beitela	Grunneigarar, lokal arbeidskraft	2020		40 000	Oldeskaret, Lundeskaret, Tuftebreesteinen, Skålastien, uføresette bruøydeledeggingar	
Jostedalsbreen nasjonalpark	Informasjon	Kjettingar og brefareeskilt		Tiltaksmidlar frå Mdir	SNO	SNO-L	2020+		20 000	Trengs særskilt ved Brisksdalshorn, men andre stader og, ved kontroll.	
Jostedalsbreen nasjonalpark	Tilrettelegging	Utviking av utkikkspunkt i Kjendalen		Tiltaksmidlar frå Mdir	Grunneigarar, reiseliv	Grunneigarar, lokal arbeidskraft	2020		60 000	Tilbakemeldingar frå Kjendalen syner stor trenselse på dette punktet, og det er eit stort ønske lokalt om å utvide og markere utkikkspunktet. NB: må vurderast etter verneforskrifta for eventuell igangsetting!	
Jostedalsbreen nasjonalpark	Kartlegging og overvåking	Ferdselsteljar Bøyabreen, Flatsteinbu, Brenndalen, Austerdalen Kattanakken		SNO-S	SNO-L	SNO-L	2020	Jamne mellomrom for å ha oversikt over utviklinga		Jf. Kunnskapsinnhenting for besøksstrategien. Dersom vi får færre teljarar må vi prioritere nærmare.	
	Tilrettelegging	Etablering av permanent toalett på Tyva		Samfinansiering	Stryn kommune						Startpunkt på Skålastien, naudsynt plass for toalett. Manglar likevel avtale om drift og vedlikehald, og bør ikkje prioriteres utan disse avklaringane.

Summen av alle tiltaka i planen er kostnadsrekna til kr 782 000,- På bestillingsmøte 2 i mars må styret ta ei endeleg prioritering av tiltaka ut i frå den tildelte budsjettetramma frå Miljødirektoratet.

Under er innspel til bestilling av tenester frå Statens naturoppsyn for 2020, styret kan drøfte korleis det er best å prioritere dei grøne, blå og gule felta (frå 1-4):

Innspill om ønsket SNO ressurs. (Sett inn nye linjer for hvert bestilte oppdrag)							
År:	2020						
Bestiller:							
Verneområder	Prioritet (kategori 1, 2, 3, 4 osv)	Verneområde/innsatsområde /lokalisitet	Forankring og beskrivelse av oppdraget	Anslått tidsbruk i dagsverk	Metodebeskrivelse evt henvisning	Rapportering (rapportformat, lagringssted for rapp., egenskapsdata ol.), Stand. rap.verktøy som Verneområdelogg, Artsobs, Natstat, anmeldelsesbase og Rovbase skal benyttes.	Rapporteringsfrist
Tilsyn/kontroll (lovpålagte oppgaver med presisering)							
	1 Jostedalsbreen nasjonalpark	Halde oppsyn med verneforskrifta i Jostedalsbreen	10,00	Jf verne- forskrifta	Til styret, forvaltar, årsrapport, ev anmeldelsesbase	Bestillingsmøte	Anne Rudsengen
	1 Jostedalsbreen nasjonalpark	Sjå til styrevedtak/løye i dispensasjons-saker.	10,00	Jf vedtak	Til styret, forvaltar, årsrapport, ev anmeldelsesbase	Bestillingsmøte	Anne Rudsengen
	1 Jostedalsbreen nasjonalpark	Koordinere og kontrollere helikopterlandinger i utmark/i nasjonalparken jf. rapportering om gjentakande ulovlege	3,00	Jf lowerk. Gjene koordinere med politiet	Til styret, forvaltar, årsrapport, ev anmeldelsesbase	Fortøpende	Anne Rudsengen m. fl.
	2 Jostedalsbreen nasjonalpark	Følge opp tiltak i hovudsak ved oppstart og slutt	10,00	Jf tildelingsbreve/ tiltaksplan	Fortøpende/ årsrapport	Bestillingsmøte	Anne Rudsengen
	2 Jostedalsbreen nasjonalpark	Registrere ferdslie på enkelte stader, som Skålastien, m.fl.	15	Foto, Eco Counter	Årsrapport	Bestillingsmøte	Anne Rudsengen
Tiltak (skjøtse/tirrettelegging)							
	Jostedalsbreen nasjonalpark	Sti: kanaliserings tiltak i Austerdalen, Bødalen og Haugadalen	2		Årsrapport	Bestillingsmøte	Anne Rudsengen
	Jostedalsbreen nasjonalpark	Skilt: byte ut gamle grenseskilte, vedlikehalde el fjerne nasjonalparkskilt, oppsyn med brefareskilte og kjettingar	5		Årsrapport	Bestillingsmøte	Anne Rudsengen
	Jostedalsbreen nasjonalpark	Søppel: koordinere (supplere info) og hente ut jf. søppelkartlegginga	2	Jf. tidlegare utarbeida oversikt		Bestillingsmøte	Anne Rudsengen
	Jostedalsbreen nasjonalpark	Sti: oppsyn av stien til Lundeskaret, Skåla (etter Skåla Opp) og dei andre stiane der vi har hatt tiltak	5	Jf. planar og rapportar	Til styret/sekretariat	Bestillingsmøte	Anne Rudsengen
	Jostedalsbreen nasjonalpark	Sti: koordinere klopplegging i Bergsetdalen	4			Bestillingsmøte	Anne Rudsengen
Kartlegging/registrering/overvåking (inkludert bevaringsmål)							
	Jostedalsbreen nasjonalpark	Kartlegge svartelisteartar, deriblant hestberberis, gran og plataniønn jmf registreringar i naturbase, og fjerne det som er mogeleig.	6		Verneområdelogg	Bestillingsmøte	Anne Rudsengen
	Jostedalsbreen nasjonalpark	Registrere rødlisteartar, fugl og karplanter når ein generelt er i felt	6		Artsobservasjonar	Bestillingsmøte	Anne Rudsengen m. fl
	Jostedalsbreen nasjonalpark	Drifting av lydoptaks-utstyr for registrering av hubro i Sunndalen	4		Sekretariatet/Fylkesmann en	før hekketida er forbi	Anne Rudsengen m. fl
	Jostedalsbreen nasjonalpark	Kartlegge slåttemark og kulturlandskapsspor, mellom anna i Langedalen og mot Flatbrehytta.	6		Verneområdelogg, artsobservasjonar	Bestillingsmøte	Anne Rudsengen m. fl
Informasjon							
	Jostedalsbreen nasjonalpark	Være tilstades med erfaring og kompetanse på styremete/kompetanseprogr am /synfaringer	6				Anne Rudsengen
	Jostedalsbreen nasjonalpark	Formidle vernereglar og lokalkunnskap til besøkande	Når SNO uansett er i felt på andre oppdrag				Anne Rudsengen

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	34/19	04.12.2019

Status besøksstrategi Jostedalsbreen NP - drøfting av mål, strategiske grep og prioritering av tiltak

Innstilling frå forvaltar

Saka vert lagt fram til drøfting.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Førebels utkast til besøksstrategi for Jostedalsbreen NP for drøfting i styret– (vert ettersendt styremedlemer i separat epost)
- Styresak 25/19 Revidert framdriftsplan besøksstrategi
- Veileder for besøksforvaltning i norske verneområder – Miljødirektoratet M-415/2015
- Veileder frå Miljødirektoratet – Innfallsporter M-417/2015
- Merkevarestrategi Norges nasjonalparker
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark (1994)

Det vert vist til styresak 25/19 Revidert framdriftsplan besøksstrategi. Etter drøftingane i førre møte i nasjonalparkstyret 4.september har sekretariatet jobba vidare med å formulere mål og strategiske grep for besøksforvaltninga, sjå førebels utkast til besøksstrategi. Måla er formulert om og strukturert på ein ny og meir oversiktleg måte, med ei inndeling i tre målområde:

- Verneverdiane
- Reiselivet og dei besøkande
- Lokalsamfunna

For kvart målområde har vi føreslått eigne delmål for å konkretisere viktige utfordringar i besøksstrategien for Jostedalsbreen nasjonalpark. Utifrå delmåla er det utarbeidd ni strategiske grep som vi meiner bør vere rettleiande for arbeidet med nå målsetjingane i besøksforvaltninga. Med grunnlag i desse måla og dei strategiske grepene har sekretariatet jobba vidare med tiltak for å nå målsetjingane, med særleg vekt på val av innfallsportar.

Sekretariatet var i oktober i møte med Miljødirektoratet der vi drøfta status for arbeidet med besøksstrategi så langt. Vi fekk då viktige tilbakemeldingar og korrigeringar på arbeidet. Miljødirektoratet gav positive tilbakemeldingar og sa me var godt i gang. Dei meinte likevel at vi hadde tatt godt i når vi i utkastet hadde lagt inn heile åtte utkikkspunkt, som er innfallsportane som krev mest planlegging, tilrettelegging og oftast store investeringar frå forvaltninga. Frå Miljødirektoratet vart det signalisert at det for større nasjonalparkar kunne vere aktuelt med eit utkikkspunkt, kanskje 2 i særlege tilfelle. Dette er hovudgrunnen til at talet på utkikkspunkt er redusert frå 8 til 3 sidan styret på sist møte fekk framlagt eit oversiktskart og ei liste med forslag til innfallsportar.

Det er no føreslått 41 innfallsportar til nasjonalparken, fordelt på 3 utkikkspunkt, 23 utkikkspunkt og 15 startpunkt.

Mange av innfallsportane som er føreslått er ikkje plassert nøyaktig. Det er heller ikkje teke kontakt med grunneigarar eller andre interessentar for å avklare dette. Dette vil fyrst skje i samband med eventuell start av prosjektering av innfallsportane. Prosjekteringsprosessen for innfallsportar er skildra i Miljødirektoratet sin rettleiar *M-417/2015 – Innfallsporter*.

Innfallsportane er eit av dei viktigaste verkemidla for å formidla vernet til dei besøkande, enten dei er berre på gjennomreise eller planlegg turar inn i verneområda. Vi kan sjå på innfallsportane som summen av all utandørs tilrettelegging rundt verneområda. Dei skal ligge i randsona til vernet, utanfor vernegrensa. Innfallsporten skal gi den besøkande ei klar oppfatning av føremålet med nasjonalparken.

Det er tre ulike typar innfallsportar som Miljødirektoratet skil mellom og dei er kort skildra under.

Informasjonspunkt

Heilstakleg utandørs informasjon om verneområda til dei besøkande. Er aktuelt i tilknyting til alle nasjonalparkar, og det er naturleg å lokalisere saman med stoppestader for andre aktørar, til dømes ved rasteplassar, utsiktspunkt, bom osv. Informasjonspunkta skal vere tilpassa alle brukargrupper, med informasjonstavler og skilt avklart i ein informasjonsplan.

Startpunkt

Startpunkt er mest aktuelt for nasjonalparkar med eit etablert stinett. Desse er meint for besøkande som skal ut på vandring i verneområda, og skal ligge ved naturlege startpunkt for turen, ofte langt frå hovudvegnettet. Startpunktet skal vere avklart i forvaltningsplanen og tilknytt etablerte stiar som er identifiserte som prioriterte. Dei skal bestå av parkering og informasjon retta mot turgåaren.

Utkikkspunkt

Aktuelt ved nasjonalparkar med høge besøkstal, stor attraksjonskraft og det er naudsynt at områda har høg tolegrense. Det er store krav til tomt. Utkikkspunkt skal vere ein attraksjon og eit besøksmål i seg sjølv. Punktet må vere eit eigna utgangspunkt for nærturar og opphold ved punktet. Nærleik til ein hovudveg er ein føresetnad, med god visuell kontakt med verneområdet. Eit utkikkspunkt bør innehalde parkering for minst 70 bilar, ein 30 minuttars nærområdetur på

gangsti og eit utkikkspunkt. Det skal vere mogleg å drive naturvegleiing med utgangspunkt i anlegget og alt av sanitæranlegg må vere på plass.

Innan dei ulike kategoriane av innfallsportar er det store variasjonar både i nødvendige tilretteleggingstiltak og plassering. Nokre stader er nødvendig infrastruktur på plass, og det handlar først og fremst om å lage informasjon og implementere merkevarestrategien til Norges nasjonalparker på staden.

Det er ynskjeleg at styret først drøftar dei framlagde måla og strategiske grep. Om det vert tid er det også interessant å få drøfta dei føreslårte innfallsportane med styret, særleg med tanke på prioritering av tiltak tidsmessig. Sekretariatet ynskjer å lage tre tabellar i besøksstrategien som synleggjer prioriteringar innfallsportar for gjennomføring tidleg (2020-2021), midt i (2022-2023) eller seint (2024-2025) i besøksstrategiperioden.

Vurdering

Det forslaget sekretariatet no legg fram for styret er fyrste delen av eit enno uferdig dokument. Mange illustrasjoner, kart, figurar og tabellar vil kome til for å underbyggje, særleg i kapittel 2 som omhandlar kunnskapsgrunnlaget. Kapittel 1 til kapittel 3 vurderer vi elles til å vere ganske langt kome, medan det i kapittel 4, som omhandlar tiltaksdelen, enno står mykje att før det kan sendast for fagleg godkjenning til miljødirektoratet. Særleg gjeld dette grunngjevingar for val av innfallsportar. Mykje av grunnlaget for desse vala ligg i kunnskapsgrunnlaget og omtalar av innfallsportar som er utarbeidd og som vert vedlegg til forvaltningsplanen som er under utarbeiding.

Vi meiner at det som no ligg føre likevel kan danne grunnlag for viktige drøftingar i styret om vegval vidare i besøksforvaltninga for nasjonalparken. Difor legg vi det fram for styret slik det no ligg føre.

Det er svært viktig at besøksstrategien får ein klar og raud tråd, frå kunnskap om utfordringar og mogelegheiter, via mål og strategiske grep til konkrete forslag om tiltak. Difor bør styret først drøfte målformuleringane og dei strategiske grepene, før dei konkrete tiltaka og prioritering av desse vert drøfta.

I tillegg til mål, strategiske grep og tiltak, som val av innfallsportar, er det viktig at styret drøftar andre delar av utkastet til besøksstrategi som no ligg føre. Sekretariatet sitt framlegg inneholder m.a. nokre punkt i kapittel 2.2.1 som omhandlar utfordringar knytt til ferdsel og turisme som inneholder mykje politikk. Desse bør styret drøfte.

ST 35/19 Eventuelt